




Hovudplan for skogbruksplanlegging i Vestland fylke

Hovudplan for 2023 -2033 og Handlingsplan for 2023-2025



Innhold

Bakgrunn.....	3
Skogen i Vestland	3
Historikk.....	4
Mål for skogbruksplanlegginga	5
Takstopplegg og tilskottssatsar.....	5
Handlingsplan for skogbruksplanlegging.....	6
Hovudplan for skogbruksplanlegging	6
Vedlegg:	8
Vedlegg nr 1: Årstal for siste takst i kommunen.	8
Vedlegg nr 2: Årstal for Miljøregistreringer i Skog (MIS).....	9

Bakgrunn

Skogbrukslova sitt føremål er å fremme ei berekraftig forvaltning av skogen. For å gjere dette på ein berekraftig måte må vi ta omsyn til økonomiske, økologiske og samfunnsmessige verdiar. Målet for skogbruksplanlegginga er å kartlegge desse verdiane og komme med tilrådingar til skogeigarar om berekraftig forvaltning av skogen.

Statsforvalteran har ansvar for å utarbeide ein hovudplan for skogbruksplanlegging i fylket, koordinere skogbruksplanlegginga og tildele tilskott. Hovudplanen inneheld ei grov skisse for skogbruksplanprosjekt dei komande 10 åra, og ein detaljert handlingsplan for dei nærmaste 3-4 åra. Hovudplanen er grunnlag for prioritering og tildeling av tilskott.

Ordninga for tilskott til skogbruksplanlegging er beskrive i *Forskrift om tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer*. I tilhøyrande rundskriv og kommentarar frå Landbruksdirektoratet er krav til innhald spesifisert. Krav til Miljøregistreringer i Skog (MIS) er nemnde i fleire lovverk. Korleis MIS registrerast og korleis utvalsprosessen skal gå føre seg er skildra i *Håndbok i registrering av livsmiljø i skog. Retningslinjer for revisjon av miljøregistreringer* beskriv korleis MIS behandlast der dei allereie er registrerte.

Statsforvalteran utarbeider hovudplanen på bakgrunn av innspel frå skogeigarorganisasjonane og kommunane. I tillegg til innspel frå relevante aktørar, vil prioriteringane i hovudplanen også avspegle når ein kommune sist vart taksert, kvar det vert nasjonal fjernmåling/flyfotografering, kvar det er behov for revisjon av MIS og kvar det er eit lokalt engasjement.

I kvart takstprosjekt vert det oppretta eit takstutval. Takstutvalet bestemmer innhald i prosjektet og lagar avtale med takstselskap om takstoppdrag.

Skogen i Vestland

I Vestland fylke er det 9 millionar dekar skog totalt. Ein stor del av arealet har låg produksjon. Det produktive skogarealet (produksjon > 1 m³/dekar) er omkring 5,5 millionar dekar (Landsskogtakseringen 2009).

Det er kring 800 000 dekar planta granskog i fylket, der sitkagran utgjer kring 15%. Mesteparten av granskogen vart planta i perioden 1950-1990. Det totale skogarealet er aukande grunna attgroing og høgare tregrense mot fjellet. Arealet med planta granskog minkar grunna endringar i arealbruk og manglende forynging etter hogst. Fleire stadar er det planta skog på plassar vi i dag ikkje ville satse på å drive aktivt skogbruk. I Vestland fylke blir det avverka kring 400.000 m³ tømmer kvart år.


Eigedomsstrukturen i Vestland er kjenneteikna av mange skogeigarar med små eigedomar som sjeldan avverkar skog, og skogsinntekta utgjer ein liten del av årsinntekta. 20% av eigarane bur i ein

annan kommune enn der eigedomen ligg. Skogbruket er prega av å være første generasjon skog. Ein stor del av skogeigarane har avgrensa kunnskap om skogbruk.

Mykje av skogen står i bratt terregn. 30% av arealet er vurdert å være taubaneterregn og kring 25% er for bratt til taubane og uaktuelt for skogbruk. Det er låg vegdekking og mange stader må den første hogsten av gran finansiere infrastruktur. Dette fører ofte til at overskot på skogdrifta ikkje kan forventast før avverking av andre omløp.

Historikk

Nesten heile Vestland fylke er taksert første gong (sjå kart 1 – stor versjon, sjå vedlegg 1). Det er gjennomført MIS i dei fleste kommunane i indre strok (sjå kart 2 – stor versjon, sjå vedlegg 2). I mange kommunar er likevel MIS over 15 år gamle og det er behov for å vurdere om dei må reviderast (kommunar med oransje farge i kart 2).



Dei siste 10 åra er det utført områdetakst med MIS i 12 kommunar. Det er taksert om lag 80 000 dekar i året, av dette 24 000 dekar med gran. Med dagens tempo kan vi forvente revisjonstakst i Vestland om lag kvart 35. år

Dei siste 10 åra har det vore ein tingingsprosent på kring 40-50% av det produktive skogarealet. Skogeigarane har fått 60-75% tilskott til skogbruksplan.

Mål for skogbruksplanlegginga

Statsforvaltaren i Vestland ønskjer å gi tilskott til takstprosjekt som leverer eit lettforståeleg planprodukt til skogeigar, og som stimulerer til:

- Berekraftig bruk
- Langsiktig planlegging
- Gode driftstekniske løysingar
- Auka skogkulturaktivitet
- Auka eigedomsoverbyggande samarbeid

Det er i tillegg eit mål å auke areal gran som inngår i områdetakstar kvart år, ideelt til 30-40 000 dekar kvart år. Det vil gi ei omløpstid på takst på 20-25 år, og eit forventa behov for tilskott på 3-4 millionar kronar pr år.

Takstopplegg og tilskottssatser

For å nå måla for skogbruksplanlegginga og imøtekomme nokre av dei spesielle utfordringane vi har på Vestlandet legg Statsforvaltaren opp til følgjande:

Takstprosjekt bør inkludere fleire kommunar. Store prosjekt forventast å gi betre økonomi, då felleskostnader kan fordelast over eit større areal og fleire skogeigarar. Dei fleste prosjekt vil truleg bli en kombinasjon av områdetakst i viktige skogområde/kjerneområde, og fellestakst i område med låg oppslutning/spreidd skog.

Alle skogeigarar med meir enn 50 dekar produktiv skog må få tilbod om takst. Forvaltningen skal identifisere kjerneområda for skogbruk, og i dei områda bør alle skogeigarar, uansett storleik, få tilbod om takst. I kjerneområda bør skogeigarar få tilbod om eigedomsoverbyggande takstprodukt.

Takstprosjekt bør vere basert på tilgjengelege fjernmålingsdata. Ortofoto gjennom Geovekst og Nasjonal Terrengr Modell bør vere grunnlag for fototakst. SR16-data vil i dei fleste prosjekt vere tilstrekkeleg grunnlag for utrekning av volum, ofte med kalibreringsflater.

Statsforvalteran ønskjer å oppretthalde høge tilskott til skogbruksplanlegginga, med full finansiering av forprosjekt og tilskott til skogeigarar på mellom 50 og 70%. Vi forventar at ein høg tilskottssats kan gi ein høgare tingingsprosent i dei tilfella der skogeigarane har liten kunnskap om skog, har lite inneståande på skogfond eller eig ein liten eigendom og har vanskeleg for å sjå nytteverdien av ein skogbruksplan.

I tillegg til kommunevise takstprosjekt ønskjer Statsforvaltaren å gi tilskott til felles driftsplanar i mindre, avgrensa skogområde. Driftsplanar inneholder vurdering av driftsmetodar, infrastruktur og framtidsskog. Dette gjeld område med spesielle utfordringar, til dømes skogområde med særsmale grunneigarar, naturfare eller mange fleirbruksomsyn. Det kan òg vere aktuelt i område med mykje hogstmoden skog og mangel på infrastruktur, eller i område der det er risiko for at enkelte

skogeigarar høgg skogen sin, og med det gjer det vanskeleg å få etablert infrastruktur i bakom liggjande skog.

Fellesplanen skal både ha ein verdi som supplement og som alternativ til ein vanleg skogbruksplan. Målet med ein felles plan er at skogeigarar får tilbod om ein skogbruksplan som er tilpassa behova deira, og bidreg til ein meir langsiktig planlegging.

Handlingsplan for skogbruksplanlegging

Pågående og planlagde prosjekt i perioden 2023-2026:

Namn	Oppstart forprosjekt	Feltarbeid	Ferdig	Areal skog totalt (SR16/AR50)	Omtrent produktivt areal	Areal gran (SR16)
Etne og Kvinnherad	2021	2023	2024	500.000	180.000	30-40.000
Hyllestad, Fjaler, Askvoll	2022	2024	2025	500.000	200.000	40.000
Sunnfjord	2023	2025/26	2027	580-670.000	200-250.000	60-70.000
Bergen og tidl. Os	2024	2026	2027	325.000	150.000	30-40.000
Høyanger sør, Vik, Årdal, Lærdal, Aurland	2026	2028	2029	650.000	150.000	50.000
Stryn, Gloppen	2027	2029	2030	550.000	250.000	40.000

Hovudplan for skogbruksplanlegging


Hovudplan er ei prioriteringsliste som viser rekkefølge på prosjekt.

Prio	Kommunar	Total prod skog areal (SR16/ AR50)	Areal produktivt, økonomisk drivbart (LREG)	Areal gran (SR16)	Taksert areal (årstal for siste takst)	Miljøregistreringar i Skog (MIS)	Plan for omlopps foto (flyfoto)
1	Hyllestad, Fjaler, Askvoll	500.000	200.000	40.000	Fjaler: 101.430 (2000) Hyllestad: aldri Askvoll: aldri	Fjaler: 2008 Hyllestad: ingen Askvoll: ingen	2020
2	Sunnfjord	580- 670.000	260.000	60- 70.000	Naustdal: 45.000 (2017) Gaular: 92.000 (1992) Førde: 83.000 (2001) Jølster: 46.000 (1996)	Naustdal: 2016 Gaular: ingen Førde: 2007 Jølster: 2005	2023. Skille langs E39.
3	Bergen, del av Bjørnafjorden (tidl. Os)	325.000	150.000	40.000	Bergen: 73.000 (1998) Os: 41.000 (1999)	Bergen: 2006 Os: 2004	2028

Prio	Kommunar	Total prod skog areal (SR16/ AR50)	Areal produktivt, økonomisk drivbart (LREG)	Areal gran (SR16)	Taksert areal (årstall siste takst)	Miljøregistreringer i Skog (MIS)	Plan for omløps foto (flyfoto)
4	Høyanger sør, Vik, Årdal, Lærdal, Aurland	650.000	350.000	50.000	Høyanger S: aldri Vik: 28.000? (1990) Feios: 14.600 (2011) Årdal: aldri Lærdal: aldri Aurland: aldri	Høyanger S: ingen Vik: ingen Feios: 2011 Årdal: ingen Lærdal: ingen Aurland: ingen	2023
5	Stryn, Gloppen	550.000	250.000	40.000	Gloppen: 100.000 (1997) Stryn: 130.000 (1999)	Gloppen: 2008 Stryn: 2009	2023
6	Luster, Sogndal	900.000	400.000	70.000	Luster: 121.800 (2003) Sogndal (Balestrand): 46.700 (2017) Sogndal (Leikanger): 11.800 (2012) Sogndal (Kaupanger): 39.980 (2012) Sogndal: 20.684 (2006)	Luster: 2003 Sogndal: 2017/2012/2006	2023
7	Bremanger, Kinn	430.000	200.000	20.000	Bremanger: 50.000 (1989) Kinn (Flora): 83.000 (2004) Kinn (Vågsøy): aldri	Bremanger: ingen Kinn (Florø): 2004 Kinn (Vågsøy): ingen	2023
8	Osterøy, Askøy, Øygarden, Vaksdal, Modalen	550.000	250.000	30.000	Osterøy: 67.000 (1998) Askøy: aldri Øygarden: aldri Vaksdal: 38.000 (2000) Modalen: 10.000 (2000)	Osterøy: 2004 Askøy: ingen Øygarden: ingen Vaksdal: 2003 Modalen: 2004	2028
9	Ullensvang/Eid fjord	500.000	200.000	40.000	Ullensvang (Odda): 23.300 (2013) Ullensvang: 41.000 (2000) Ullensvang (Jondal): 36.200 (2021)	Ullensvang (Odda): 2013 Ullensvang: 2006 Ullensvang (Jondal): 2021 Eidfjord: ingen	2027
10	Voss, Ulvik	750.000	400.000	150.000	Voss: 200.000 (2008) Voss (Granvin): 30.000 (2001) Ulvik: 34.000 (2002)	Voss: 2010 Voss (Granvin): 2009 Ulvik: 2005	2027
11	Sveio/Fitjar/St ord/Bømlo/Austev oll	420.000	200.000	35.000	Sveio: 41.000 (1996) Fitjar: 15.000 (2004) Stord: 36.000 (2003) Bømlo: 26.000 (2004) Austevoll: 9000 (2004)	Sveio: ingen Fitjar: 2004 Stord: 2003 Bømlo: 2004 Austevoll: ingen	2028/ 2026
12	Gulen/Masfjorden	400.000	180.000	11.000	Gulen: 19.000 (2009) Masfjorden: 34.000 (2003)	Gulen: 2009 Masfjorden: 2004	2028

Vedlegg:

Vedlegg nr 1: Årstal for siste takst i kommunen.



Vedlegg nr 2: Årstal for Miljøregistreringer i Skog (MIS).

